



EKTE BBQ: Fredag 4. juli vart feira med ekte amerikansk grillmat, og her fekk Linda, Silje og Karina Lie Nesse servert hamburger av kveldens grillmeister, Trond Solberg-Mortensen frå Lyngheiseret.



FEIRA NASJONALDAGEN: Linda og Rodger Hansen frå Minnesota feira 4. juli på Sletta, og kjende seg som heime.

Til Sletta for å finna røtene

RADØY: Pat Boe frå Minnesota var på Sletta for andre gong då ho vitja helgas utvandringsfestival.

Av Ella Sandra Dahl Berland

Ho er ei av seks venninner på emigrasjonsreise i Noreg, deriblant to systre og kusiner.

– Eg var her på Sletta for ti år sidan, så dette er andre gong, fortel ho.

Ho og venninna Evonne Olsson Frank har gått på skule saman i byen Underwood, og dei synest det er artig at den eine bygningen på Sletta er frå same stad. Utvandringscenteret var eitt av stoppa på reisa frå Hardanger til Telemark, gjennom Nordhordland og vidare til Bergen, for å få auge på slektningars og forfedrar sine hus.

– Eg har alt sett to heimar frå mi slekt, seier Pat, som hadde besteforeldre frå Kinsarvik.

Nokre av venninnene har òg norske etternamn, mellom anna Peggy Lien.

– Mannen min hadde besteforeldre frå Rogaland og Hedmark, fortel ho.

– Namnet Lien kjem frå ein gard i Gudbrandsdalen, der ein del av familien hans kjem frå, forklarar ho.

Nasjonaldagen opplevde dei for første gong på norsk jord, om bord i ein yacht ved Fedje.

– Det vart ei heilt annleis feiring enn me er vande med, men det var me jo førebudd på, og det var veldig kjekt, smiler dei.

– Det er utruleg vakkert her, og fjordane er heilt unike!

Feira nasjonaldagen i Noreg

Festivalhelga på Sletta starta sjølve 4. juli, og her fekk dei kring femti besøkjande oppleva ei autentisk amerikansk feiring med BBQ og sosialt samvær.

– Her køyrer me på med klasisk amerikansk grillmat; hamburger, pulled pork og hotdogs, seier Trond Solberg-Mortensen frå Lyngheiseret.

– Folk ser ut til å vera veldig fornøgd, for mange kjem til-



USA-BESØK: Venninnene frå Minnesota, Pat Boe, Evonne Olson Frank, Shirley Frigaard, Elane Larson, Emily Knudtson og Peggy Lien har vore på immigrasjonstur i Noreg sidan 24 juli. For Pat er det andre gong ho besøkjer utvandringscenteret på Sletta.



ORIGINALANE: Eit arkiv, lækjarveska og ein safe var blant gjenstandane til Serkland som var ny-utstilt i glasmonter.

bake for nummer to, og det er eit godt teikn, smiler han.

Forutan grillmat, vart det marshmallows, amerikanske kaker og stjerneskot, og Linda og Rodger Hansen frå Stough-

ton i Wisconsin var veldig fornøgd.

– Maten er akkurat slik som me ville hatt heime i USA! Det einaste som manglar er litt chips og fyrverkeri, smiler dei.



STOR SKIKKELSE: Den norske diakonissa Elisabeth Fedde har òg fått plass på utstillinga, som Åshild Sunde Feyling Thorsen og Ellen Risbrunå (biletet) har stått på for å laga til.

Norske røter

Dei er på besøk for ein måned hjå Linda Lie Nesse, som Rodger var lærar for då ho gjekk på High School i Wisconsin i 1991-1992. Dei har heldt kontakten i

tjue år, og ekteparet frå USA er på Noregsbesøk for tredje gong, denne gongen for ein måned.

– Me har vore på Sletta éin gong før, då me var på omvising i 2004, fortel dei.



FAGSEMINAR: Blant dei som leia fagseminara laurdag var dosent Birger Løvlie frå Høgskulen i Volda, som tala om kampen for religionsfridom i åra 1840-1870.



AMERIKABREV: I skulestova kunne ein laga amerikabrev. Viljar Daniel Smørdal Helleland (7) skal senda teikninga han laga til besteforeldra i USA.



KRANSESEREMONI: F.v. Peder og Einar Ådland, og Asbjørn Ystebø. Einar heldt ein appell før kr...



SOM I GAMLEDAGAR: F.v. Sissel Myklebust, Oda, Sunniva og Tarald Myklebust-Hansen og Tor Egil Hansen vart fotograferte av Amerika-fotograf Ellen Risbrunå i det gamle rådhuset.



INDIANER: Oda Myklebust fekk ansiktsmaling av Jarand Waarland.

– Og førre gong me var i Noreg, var i 2007. Det er gøy å endeleg komma tilbake! smiler Linda.

Ho har norsk far og svensk mor, tre norske besteforeldre og ein tysk.

– Så eg er 7/8 norsk og 1/8 tysk, smiler ho.

Linda sine røter kjem frå Telemark, medan Rodger har ein oldefar som emigrerte frå Sør-Trøndelag til USA.

– Han jobba seg heile vegen frå austkysten til Minnesota som tømmermann, og gjorde lukke der som leiar for ein kull-dokk. Så reiste bestefaren min frå Meldal til USA for å jobba hjå han, fortel han.

Med norske røter har dei sjølv sagt investert i bunad frå Vest-Telemark og Sør-Trøndelag, og feirar 17. mai kvart år.

– Feiringa står veldig sterkt der me bur, og me går i store parader, fortel dei.

Sjølv har dei gode kunnskarar om norske tradisjonar, og er med i organisasjonen «Sons of Norway», som lærer folk om norsk historie og kultur.

– Me inviterer skuleklassar til å vera med i mat-, kultur-, og historiegrupper, og når dagen er omme, har nokre kanskje lært seg å laga lefser og krumkaker, smiler dei.

Noko for alle

Etter grillfesten fortsette fredagskvelden tradisjonen tru med konsert, denne gongen med bandet «Svermere», som baud på norsk folkemusikk med inspirasjon frå jazz. Laurdagen følgde

programmet på med aktivitetar for store og små, inkludert ansiktsmaling, bogeskyting, amerikabrev og amerikafoto, og litt vaksenstoff som fagseminar med temaet «Grunnlovsjubileet i perspektiv av utvandringa til Amerika og USA si grunnlov av 1787».

– Bogeskyting er skikkeleg vanskeleg! seier Even Sjøstrand, som saman med storesyster Alva prøvde seg på ulike aktivitetar.

– Bogen er hard å stramma opp, og det er ikkje lett å sikta heller. Eg trudde det var enkelt å treffa, fortset han.

Også Alva syntest det var utfordrande.

– Men veldig gøy! smiler ho, og fortel at ho nesten fekk det til.

– Eg skal prøva til eg klarar det, seier ho.

Syskena er frå Oslo og er på besøk hjå farmor Ida Sjøstrand.

– Her har me gått fleire år på rad, seier ho.

– Det er veldig kjekt for dei unge med varierte aktivitetar, og interessant for oss vaksne, smiler ho.

Norsk-amerikanske styrkar

Militærhistorisk gruppe hadde 99. bataljon-stand, med visning av kjøretøy og utstyr som vart nytta under andre verdskrig.

– Alle bilane, uniformene og våpena er autentiske, seier Vidar Arnesen i Militærhistorisk gruppe.

Han fortel at bilane har vore brukte i Normandie under 2. verdskrig.

– Her viser me tilsvarande ut-



BATALJON 99: F.v. Roald Byrkjeland Vidar Arnesen, John Strømseng, Olaf Eidevik og Frank Nordstrøm frå Militærhistorisk gruppe var på plass for å visa fram historie og autentisk materiell.

styr til det bataljon 99. nytta mellom 1942 og 1943, seier han.

Grappa har hatt stand under utvandringsfestivalen kvart år, og Arnesen fortel at dei ønskjer å fortelja historie og visa fram autentisk materiell.

Suksesshelg

– Dette har vore ein suksess, seier fungerande avdelingsleiar ved Vestnorsk Utvandringscenter, Åshild Sunde Feyling Thorsen.

– Nytt av året var å opna festivalen med amerikansk BBQ, og det skal me forsøka å gjenta neste år òg, seier ho.

– Med konserten og grillfes-

ten samanlagt, kom det mange fleire enn i fjor, og på seminaret var det dobbelt så mange, smiler ho.

Det vart òg utstillingsopning i Lækjarkontoret om helse og migrasjon, der gjenstandane frå Johan Christian Serkland har kome i glasmonter, i tillegg til at det har kome tekst og bilete på vegg.

– Me har òg lagt inn ein liten bit om Elisabeth Fedde, ei norsk diakonisse som reiste til USA då ho fekk brev om dei dårlege tilstandane der.

Thorsen fortel at Fedde er ei av dei største skikkelsene innan

diakonien, og forløparen til dagens sjukepleiarar.

– Eitt av dei to sjukehusa ho reiste, har blitt eitt av dei største i heile Brooklyn, seier ho.

Det er Thorsen og Ellen Risbrunå som har stått for mykje av utstillinga, i tillegg til ein utstillingsdesignar og grafisk designar.

– Det ligg mykje arbeid bak, og me har drive mykje research og kontakta folk i USA for å samla inn informasjon og bilete, fortel dei.

– No er me veldig glade for å ha kome i mål, og for ei vellukka festivalhelg, smiler dei.



nevøer til Peder Ådland som fall i Normandie, ansensnedlegginga på eitt av dei fire monumenta



MEDALJE: John Pettersen (99) fekk 4. juli den høgaste medaljen frå Frankrike for sin krigsinnsats i Normandie.



VELLUKA OPNING: Mange var ivrige etter å få med seg utstillingsopninga i lækjarkontoret til J. C. Serkland.



BOGESKYTING: Even Sjøstrand fekk instruksjonar av Omar Johnsen, medan farmor Ida og storesyster Alva såg på.

Skal du male i sommer?

Vi har det du trenger!



1398

Vår mest solgte utendørs-maling!



1498

Drygolin Ultimát



598

Baron Sollid



598

Drygolin Oljemaling

FARGERIKE

Tilbudene gjelder fom 3/7 tom 12/7